



Ordførar Peder Sjo Slettebø klypte snora som prost Svein Arne Theodorsen og kyrkjeverje Erlingur Nielsson heldt.

Tirsdag 20. september var det endeleg klart for den offisielle opninga av det nye kyrkjekontoret for Kvinnerad. Like ved kyrkja på Valen har det reist seg eit kontorbygg som no skal huse fire prestar, tre organistar, to sekretærar, to kyrkjelydssekretærar, ein konsulent og kyrkjevergen



Kyrkjekontoret ligg fint til, like ved Valen kyrkje.

Ordførar Peder Sjo Slettebø stod for snorklypping og den offisielle opninga av kontoret, men før det hadde det vore helsingar både ved Arne Myklebust (byggningsleiar for kommunen), Torstein Aarhun (leiar for Fellesrådet), Erlingur Nielsson (kyrkjeverge), Marit E. Totland (som overrekte eit flott måleri til kyrkjekontoret), prost Svein Arne Theodorsen og til sist ordføraren sjølv. Etter den høgtidelege markeringa kunne dei 40-50 frammøtte gå inn og ta ein kikk på dei nye, lyse og fine lokala, samt forsyne seg med kaffi, saft og kake.

Det nye bygget er på ca 250 m² og har kosta ca 4 millionar kr + mva.

Hjå den som er knust og nedbøygd i ånda

Måleriet som kyrkjeverge Elli her held opp, vart overrekt av Marit E. Totland under opninga. Ho fortalde at ho var blitt inspirert av eit foto av Olav Røssland som ho såg på Facebook. Tankane hennar gjekk til budskapen frå Jesaja 57,15: 'Så seier han som er høg og opphøgd, han som tronar evig og heiter Den Heilage: I det høge og heilage bur eg og hjå den som er knust og nedbøygd i ånda.'



Marit E. Totland overrekte bilde til kyrkjekontoret.

Bildet skulle vera ei gåve til Kyrkjekontoret for at dei som kjem innom og dei som arbeider der skal bli minna på desse orda i kvardagen.

Tekst og foto: Jan Ove Fagerheim
Nett: Thor Inge Døssland